

REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE

Prosjekt:	Reguleringsplan for ny idretts- og symjehall i Sveio
Type prosjekt:	Kommunal detaljregulering
Dato/klokkeslett:	16.06.2020 kl. 12-13
Stad:	Kommunehuset
Møtedeltakarar:	Frå kommunen: Bjarne Hetlesæter, Åse Aleheim, Per Riise og Gro O. Kyvik. Frå Vestland fylkeskommune: Eva Birgitte Teige. Frå Vikanes Bungum Arkitekter: Nils Inge Vikanes og Regine Velde
Referent:	Gro O. Kyvik
Mellombels planid:	
Saksnummer:	20/476
Arbeidsnamn/plannamn:	Reguleringsplan for ny idretts- og symjehall i Sveio

Under ligg referat frå oppstartsmøte om Reguleringsplan for ny idretts- og symjehall i Sveio. Nokre opplysningar er lagd til etter møtet for å utdjupe det som vart diskutert.

Bakgrunn:

Vedtak i kommunestyret sak 026/20:

- 1. Rådmannen blir bedd om å vidareføra arbeidet med realisering av nytt badeanlegg i Sveio sentrum, samlokalisert med en ny fleirbruks-/idrettshall ved Vigdartun, innanfor økonomiske rammer gitt i KOM-029/19. Så langt det er økonomisk og praktisk mogleg ønsker ein bassenget realisert med opsjon 1 og 2.*
- 2. Rådmannen får i oppdrag å starta reguleringsarbeidet snarast. Reguleringsarbeidet skal innehalda både ny fleirbruks-/idrettshall og ny tilkomstveg til sentralidrettsanlegget, i tillegg til nytt badeanlegg. Rådmannen blir bedd om å bruka eksterne ressursar til reguleringsarbeidet.*
- 3. Rådmannen blir bedd om å sikra at arbeidet med sentrumsplanen blir prioritert og at reguleringsplanen knytt til badeanlegg m.m. ved Vigdartun og sentralidrettsanlegget blir implementert i sentrumsplanen utan at dette påverkar framdrifta i nokon av oppgåvene negativt.*
- 4. Rådmannen blir spesielt bedd om å intensivera arbeidet med å sikra ein berekraftig driftsmodell, som skaper trygghet for at ein over tid klarer å oppretthalde ein driftskostnad i tråd med ramma. Det blir spesielt bedt om at samarbeid med frivilligheita blir detaljert utgreidd. Rådmannen blir bedd om å bruka ekstern støtte til dette arbeidet.*
- 5. Det blir sett ned ei politisk referansegruppe beståande av fire representantar frå formannskapet (to frå posisjon og to frå opposisjon), som følger det vidare arbeidet tett og brukast som sparringpartner for administrasjonen i prosessane framover. Representantane som deltar i referansegruppa er: Håkon Skimmeland (Ap), Rune Teikari (FrP), Lars Einar Hollund (H) og Jarle Jacobsen (KrF).*

Kommunen har engasjert Vikanes Bungum Arkitekter for å utarbeide detaljplan og ta hand om planarbeidet.

Gjeldane planar:

Gjeldande plan for området er Kommunedelplan for Sveio sentrum, planid 20100901. Planområdet omfattar areal vist til idrettspark, friområde, svømmehall, ungdomsskole/idrettshall og veganlegg i kommunedelplanen.

Tilgrensande planar er detaljplan for Nordre avkøyring til Sveio sentrum, planid 2018003 og reguleringsplan for Industriområde Sveiåsen, planid 1978001. Ny detaljplan for idretts- og symjehall vil truleg overlappe desse planane noko.

Tema som vart diskutert i møtet:

Planavgrensing: Planområdet som skal varslast ved oppstart må utvidast samanlikna med skissa som vart sendt inn i samband med tinging av oppstartsmøtet:

- Tilkomst frå fv. 541 for varelevering må innarbeidast i nordvest. Tilkomsten må utformast i samsvar med vegnormalen N100.
- Mot nord må planområdet utvidast slik at det omfattar del av fv. 541. Det må avklarast i planprosessen om planen skal innehalde kollektivhaldeplassar som busslomme ved skulen og kantstopp på nordsida av fylkesvegen.
- Mot aust må området utvidast slik at det grenser mot gjeldande plan for Nordre avkøyring til Sveio sentrum.
- I vest må planområdet omfatte heile området vist til friområde i kommunedelplanen, slik at ein får avklart framtidig utnytting av dette området.

Det er viktig at oppstartsvarselet tar høgd for avklaringar knytt til fv. 47 og 541, samt areal kring kunstgressbanen og friområdet. Ved utarbeiding av sjølv planframlegget kan området verte redusert dersom det vert vurdert som mest føremålstenleg.

Parkering: Det vil vere uheldig ut frå trafikktryggleikssyn å plassere parkeringsplassen mellom ny idrettshall og eksisterande idrettspark på grunn av mykje mjuke trafikantar i dette området. I planarbeidet bør ein sjå på om det er mogleg å leggje tilkomst og parkering aust for eksisterande idrettspark. Kan terrenget hevast slik at desse areala kan nyttast til veg og parkering?

Byggjegrænse til fv. 47: Vestland fylkeskommune vil i sin uttale til oppstart sei noko om byggjegrænse til fv. 47. Dersom terrenget skal hevast og det skal settjast opp mur mot fylkesvegen må tryggleikssona til veggen ivaretakast. Fartsgrensa på veggen er 80 km/t, og tryggleikssona vil difor vere minimum 5 m frå vegkant fv. 47.

Nytt kryss mot fv. 541: Krysset må dimensjonast etter vegnormalen N100. Det vil truleg vere aktuelt å redusere farten til 40 km/t forbi planområdet. Fartsgrensa kan ha følgjer for krava som vert sett til utforming av krysset. Vestland fylkeskommune vil uttale seg om dette (dimensjonering av kryss og fart) i uttale til oppstart. X-kryss i sentrumsgate er ok.

Omdisponering av friområde: Friområdet som skal innarbeidast i planen/ verte omdisponert, må omtalast særskilt. I planomtalen må dt gjerast ein vurdering av kva konsekvenser omdisponeringa vil få for området. Salamander må verte omtalt.

Kommunen sitt budsjett: Det er viktig for kommunen å halde budsjettet i denne saka. Økonomiske vurderingar kan difor spele inn ved val av løysingar for området.

Konsekvensutgreiing: Kommunen har konkludert med at det ikkje er naudsynt å konsekvensutgreie.

Anna:

- Fortau langs fv. 541 må inn i planen
- Uteopphaldsareal til skulen: Bør dette sjåast i samanheng? Sjå på sambruk.
- Sjekk grunneigarar før varsel om oppstart.
- Kryssingspunkt må sjåast på i planarbeidet. Ta høgd for kryssing av 541 vest for kryss mot Leitevegen.

Proessen vidare:

Gro O. Kyvik har etter møtet sendt sosifiler for gjeldande planar for området, rapport frå salamanderkartlegging i 2018 og mal for oppstartsmelding. Liste over uttalepartar som skal ha oppstartsvarsel vart levert til konsulenten i møtet. Oppstart av planarbeidet bør annonserast i både Haugesunds Avis og i Vestavind, i tillegg til på kommunen sin heimeside.

Når det ligg føre eit forslag til oppstartsvarsel vil kommunen ha dette til gjennomsyn før det vert annonsert. Annonsen skal i tillegg til å skildre planane vise kartutsnitt med plangrense. Endeleg forslag til oppstartsvarsel legg underteikna ut på kommunen sin heimeside. Frist for å koma med merknader til oppstartsvarsel bør vere 6 veker.

I samband med utarbeiding av planframlegget må det avklarast kor stort planområde ein skal gå vidare med. Storleiken på planområdet vil mellom anna avhenge av løysingar. Kommunen ber om at det vert ført tett dialog både med planbestillar, som er Drift- og anleggseininga, og med Plan- og næringseininga i samband med utarbeiding av planframlegget.

Det visast òg til kommunen sin startpakke for reguleringsplanarbeid som ligg på kommunen sin heimeside www.sveio.kommune.no under linkane *Tekniske tenestar* og *Planarbeid*. Der ligg informasjon om malar for annonsering, sjekklister for reguleringsplanarbeidet og generell oversikt over planprosessen.